

TIILITSVALDE I KYRKJELYDEN

Soknerådsmedlemer 2024:

Jetvard Kalland, leiar, Harald Sørheim, nestleiar, Rigmor Frøyen, sokneprest, Mona Solheim, Orlaug Liv Hove, Stein Torald Vonen, Veronica Standal, Åse Mari Haugnes, Gudmund Eimhjellen.

Varamedlemer: Hege Merete Smådal, Marit Grete Våge Apneseth, Else Karin Monsen, Arvid Åsebø, Veronica Tansø. Prost Knut Magne Nesse er vara for soknepresten.

Arbeidsutval: Leiar, nestleiar, sokneprest og dagleg leiar for Naustdal sokn. Naustdal sokneråd hadde i 2024: 9 møter og handsama i alt 52 saker.

Dei ulike utvala har i 2024 vore samansett slik:

Diakoni/misjonsutval: Jetvard Kalland, Orlaug Hove og Else Karin Monsen. Rigmor Frøyen har vore med i oppstarten av utvalet.

Tru – utval: Kyrkjelydspedagog Silje Sørebø, Hege Merete Smådal, Veronica Tansø, og Jenny Ødven Snildal

Kyrkjelydsutval i Vevring: Veronica Standal, Stein Torald Vonen og Marit Grete Våge Apneseth.

Gudsteneste/musikkutval: Erlend Os, Harald Sørheim, Gudmund Eimhjellen og Åse Mari Haugnes, Rigmor Frøyen.

Praktisk utval: Mona Solheim og Rigmor Frøyen.

Representant i styret for kyrkjebladet Helg og Heim: Arne Kleiva.

TILSETTE

Alle tilsette, utanom prest, er tilsett i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Oversikten nedanfor er dei som i hovudsak har arbeid eller arbeidsstad i Naustdal.

Kantor, kyrkjegardsarbeidar og sekretær har ein god del oppgåver i dei andre sokna. I tillegg er det fleire av dei andre kyrkjegardsarbeidarane som utfører tenester i Naustdal. Spesielt gjeld dette arbeid med graving. Arbeidsleiar for bygg og anlegg har heile fellesrådsområde som sitt arbeidsområde og har hatt kontor i Naustdal.

Kantor:

Erlend Os

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Stig Ove Halbrend

Sekretær:	<i>Sigrun Solheim Savland</i>
Kyrkjelydsmedarbeider: (tilsett til 31.juli -24)	<i>Jenny Ødven Snildal</i>
Kyrkjelydsmedarbeider: (tilsett fra 1.aug.-24)	<i>Silje Sørebø</i>
Kyrkjetenar/klokkar v. gudstenester i Naustdal:	<i>Sigrun Solheim Savland</i>
Dagleg leiari for Naustdal sokn: (tilsett til 31.des. -24)	<i>Jenny Ødven Snildal</i>
Kyrkjetenar/klokkar v. gudstenester i Vevring:	<i>Mette-Elin Standal Sæther</i>
Arbeidsleiari for bygg og anlegg (tilsett til 1.april -24)	<i>Ellinor Wergeland</i>
Sokneprest:	<i>Rigmor Frøyen</i>
Prest:	<i>Fredrik Bråttvik</i>

Samuel Desta Hailu har utført arbeid som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar på timebasis i fleire av sokna,

EIT UTVAL AV SAKER SOM SOKNERÅDET HAR ARBEIDA MED I 2024.

- Ny «kyrkjestove» er endeleg på plass i Naustdal Kyrkje. Benkar har blitt fjerna slik at det er større rom og plass bak. Det siste soknerådet arbeidet med er å kjøpe inn bord.
- Soknerådet har arbeid med planar om å få på plass monitor og storskjerm til Naustdal kyrkje. Alle planar som teikningar og utforming er klare. Pristilbod er henta inn, men det manglar pengar til finansiering grunna stram kommune økonomi og overføringer til Fellesrådet.
- Kome med innspel til områdeplan for Vevring for området rundt kyrkja og nye parkeringsplassar som skal høyre til kyrkja.
- Støtta «Followme» ungdomstiltak
- Bede fellesrådet om å forbetre brannvernet i kyrkjene.
- Vevring kyrkje vart ein del av Vevringutstillinga, Rigmor og andre soknerådsmedlem gjorde ein stor jobb med gjennomføring av dette.
- Vedteke å kjøpe inn fleire salmebøker (Blå , med stor skrift)
- Kyrkjevertar – lager kaker, bollar, kaffi med meir, til fleire tilstellingar gjennomført av blant anna soknerådet.
- Handsama budsjett og rekneskap for soknerådet sitt arbeid, og anna kyrkjelydsarbeid.
- Soknerådet har også omorganisert ein del av dei ulike utval som ligg under soknerådet. Under Korona – pandemien, var det ingen aktivitet i dei ulike utvala, i 2024 er alle utvala kome i aktivitet igjen, nokre med nye namn.

ARBEIDET I KYRKJELYDANE

Gudstenestelivet

Vi har følgt årshjulet, med nokre små justeringar.

Dei fleste familiegudstenester er knytt til trusopplæring. Generelt er det godt frammøte og mange har med seg storfamilien slike dagar. I periodar er det også mange dåp, så det kan nokre gongar vere vanskeleg å finne rom for både dåp og nattverd i høvande «turnus», når det er gudsteneste kvar 14.dag.

Nokre gudstenester som kan nemnast:

- Fastelavnssøndag var det «myldregudsteneste» med deltaking av barnekor og småbarnssong, bollar, saft og kaffi på kyrkjelydshuset. Godt oppmøte frå alle generasjonar.
- For første gong feira vi Friluftsgudsteneste ved Svovatnet friluftsområde. God tilrettelegging frå lokale folk gjorde dette mogleg. Barnedåp (tvillingar) vart eit høgdepunkt for familien og alle som var til stades, i vakre omgjevnader. Naustdalen spelemannslag stilte opp som før, dette har vorte eit godt samarbeid gjennom mange år, til glede for alle slik vi opplever det.
- Song og musikk-gudsteneste i mars med fleire aktørar og «Syng ilag» det årlege gudstenesta i samarbeid med Naustdal omsorgssenter og pensjonistlaget. I 2024 hadde vi besøk av Seniorkor frå Førde, det vart svært vellukka. God song og god stemning i kyrkja og på kyrkjekaffi etterpå.
- Konfirmasjonar: I 2024 valde vi å dele opp (som før) konfirmantkullet, med 2 gudstenester i Naustdal. Det var rundt 300 på kvar konfirmasjons-gudsteneste.
- Vi har hatt 2 felles gudstenester saman med Førde kyrkjelyd. Palmesøndag har blitt ein fin tradisjon, med stor kyrkjekaffi og påskeverkstad der barn og vaksne lagar påskepynt ilag. I fjor hadde vi også ei sommargudsteneste felles, noko vi vil halde fram med.

Vevring: I Vevring var det litt færre gudsteneste i 2024 (16) mellom anna fordi det var tenleg å ta bort pinsegudsteneste som kom tett på 17.mai.

Vi har hatt ei kjensle av nedgang frammøtte i Vevring kyrkje. Ser vi nærmare etter, syner oversikta at det var tre gudstenester med under 12 frammøtte. Med tanke på nedgang i folketal, og «bortfall» av fleire faste kyrkjegjengrar, er det likevel fint å sjå at vi har hatt mange godt besøkte samlingar, og kyrkjekaffi/middag er viktige samlingspunkt etter gudstenestene.

- Familiegudsteneste (2 gongar i året) med enkel middag, oppgåver for konfirmantar med foreldre, har funne ei form som fungerer godt.
- Friluftsgudsteneste har vore planlagt 2 år på rad, men mykje regn har gjort at friluftsgudsteneste har blitt inne i kyrkja. Vi håpar på betre lukke i 2025.
- I juli månad fekk vi til ein Sommartur til Vevring. Vi tok med ei gruppe eldre frå Naustdal , til song-gudsteneste. Eit kjekt tiltak, og dei som fekk seg ein tur var svært nøgde.
- Musikkandakt på gudsteneste same helg det er Vevring-utstilling: denne gongen også med kunst-utstilling i kyrkja.
- Dette året var det svært godt oppmøte til Julegudsteneste med 110 i kyrkja. Barn og vaksne tok del. Gledeleg med så mange i kyrkja ein slik dag. 17.mai har også god tradisjon i Vevring.

UTVALSARBEID OG ANDRE AKTIVITETAR

Misjon og diakoni:

Vi har no eit Felles utval for diakoni og misjon, og dette fungerer bra. Det har blitt arbeidd med nye mandat, og eit årshjul som syner kva aktivitetar /arrangement utvalet har ansvar for. I haust var det misjonstreff for konfirmantar (haust og vår) med basar til inntekt for Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt. Forslag til ny misjonsavtale er påbegynt , vedtakast i januar 2025. Ein ynskjer å få til ein årleg diakoni-dag (planlagt januar-25.)

Satsing på kyrkjekaffi ved dei fleste gudstenester er diakonalt arbeid, og vi ser dette er verdfullt og gode møtepunkt. Det praktiske rundt dette vert organisert, og konfirmantar med foreldre har dette som teneste-oppgåver delar av året. Elles er både sokneråd og andre frivillige med på det praktiske. Av felles tiltak i vert det gjeve tilbod om sorggrupper, i samarbeid med kommune/helse førde.

Som nemnt før , er det eit mål alt arbeidet vi gjer skal ha eit diakonalt preg; frå dei yngste til dei eldste. Å sjå menneske, at menneske blir møtt med omsorg, kjenner seg inkluderte, er verdiar vi må vere medvitne om heile tida. Ein svært viktig bit av dette er andakta på Naustdal omsorgssenter kvar onsdag, både av prest, kantor og friviljuge.

Kyrkjemusikk og gudstenesteutval:

Vi har oppretta eit felles utval for kyrkjemusikk og gudsteneste. Utvalet har starta på revidering av musikkplan. Planen må tilpassast dagens arbeid, då den førre planen er altfor omfattande. Gjennom året skjer det mykje fint innan song og musikk, både i gudstenester, eigne konserter og arrangement.(sjå oppsummering nedanfor)

Ei stadig utfordring som fleire har påpeika, er lydanlegget i Naustdal kyrkje, når det er song-solistar. Utvalet arbeider med dette og undersøkjer kva som er mogleg med tanke på kostnader for nytt anlegg.

Tidebøn og opa kyrkja

Vart starta opp hausten 2023 og har no kome inn i ei god rytme, med samling annankvar onsdag kl.11.00.. Tidebøn følgjer eit fast opplegg med bøn, tekstlesing, song og lystenning. Det har vore jamt oppmøte på samlingane, (5-12) og opplegg vert leia av både kyrkjestab og frivillige. Det er eit mål å gjere det endå betre kjent for folk i bygda.

Møtepunkt

Det vart halde 3 samlingar på vårhalvåret , men vart av ulike omsyn ikkje ført vidare.

Andre samlingar i kyrkjelydane:

Samarbeid på tvers av sokna i Førde/Gaular/Naustdal/Jølster: Tid for tru i fastetida.

«Tid for tru» har vorte gjennomført to år på rad, og har kome inn i ei god rytme. Dette er eit verdifullt samarbeid. Det gjev høve til fellesskap på tvers av kyrkjelydane, åndeleg påfyll, og tid til ro og ettertanke i fastetida. Gode tilbakemeldingar på opplegg, folk set stor pris på å møte «naboane»

Naustdal kyrkjelydshus

Soknerådet har eit godt samarbeid med kyrkjelydshuset og nyttar huset til kyrkjekaffi, barne- og ungdomsarbeid, korverksemd og til ulike møter. Vi er avhengige av å bruke huset til desse aktivitetane, og det er praktisk å ha kort veg mellom kyrkje og kyrkjelydshus.

Kafeen på kyrkjelydshuset er ein god møtestad sett i eit diakonalt perspektiv. Det er ikkje ein del av soknerådet sitt arbeid, men soknerådet ser det likevel som eit viktig arbeid i kyrkjelyden. Soknerådet støttar kyrkjelydshuset med eitt offer i året.

TRUSOPPLÆRING

Dei fleste **trusopplæringsstiltaka** er felles for heile soknet.

Babysong: Vi har halde på med Babysong sidan hausten 2010, det vil seie at årets konfirmantkull var blant dei første som var med. Det er svært verdifullt å bli kjend både med barn og foreldre, og eit flott kontaktpunkt og møtepunkt foreldre/barn.

Hausten 2024 tok Silje Sørebø over som leiar for opplegget saman med Erlend Os. Mange fødslar i 2024 har gjort at det har vore ei stor gruppe denne hausten. Det er gledeleg og oppmuntrande. Godt samarbeid med helsestasjon gjer at informasjon om Babysong vert gjeve til nye foreldre. Vi har halde fram med song-stunder på Naustdal omsorgssenter, 4 gongar i året. Det vert sett stor pris på av bebuarar og tilsette ved omsorgssenteret.

Småbarnssong: Barn i alderen 3-5 år fekk invitasjon til tre song/leik samlingar. Ei god gruppe med barn og foreldre deltok på samlingane og på gudsteneste fastelavnssøndag. Vi ser at mange som har vore innom babysong/eller fått 4-årsbok, kjem også på småbarnssong.

4-åringar vart invitert til laurdagssamling i september på kyrkjelydshuset med bibelforteljing, song, leik, mat og hobbyaktivitet og til utdeling av «Mi kyrkjebok 4» i søndagsgudstenesta.

6-åringar vart invitert til ei måndagssamling i oktober etter skuletid (i SFO tid) og til utdeling av «Mi kyrkjebok 6» i søndagsgudstenesta.

Tårnagenthelga var 17 deltakarar med å løyse oppdrag i kyrkja, der dei mellom anna skulle leite etter bortkome kyrkjesølv og øve til gudsteneste søndag. Deltakarane var høgt og lågt, både opp i tårnet og under kyrkjegolvet der dei såg murane frå gamlekyrkja.

I etterkant vart same årskull invitert til **9-årsklubb**. Dette var nytt i 2024. 9 deltakarar møttest 4 måndagar etter skuletid til måltid, hobbyaktivitet, leik og formidling om skaparverket.

1-2-3 dagar vart ikkje arrangert i 2024. Tiltaket har vore lagt til siste veka før skulestart. Vi merkar at stadig fleire, så som fotball, dans, turn og teater, legg arrangement til denne veka. Det fører til stor konkurranse om borna og vi ser at tal på deltakarar dei siste åra har gått ned.

10-åringar vart invitert til tre arrangement i november: dåpsfest ein måndagskveld, utdeling av bibelboka «Vandring gjennom Bibelen» og bibelknask etter skulen ein onsdag. Dåpsfesten vart avlyst grunna få påmeldingar (kollisjon med andre aktivitetar) men dei andre arrangementa vart gjennomført. Det er tydeleg at det er lettare å få til

samlingar rett etter skulen på korte skuledagar, når det ikkje er mange andre arrangement.

Lys Vaken vart arrangert tidleg i januar. Tiltaket var utsett frå desember 2023. 10 born deltok. Lys Vaken handlar om å vere vaken for Gud, kvarandre og oss sjølv.

Tala i tabellen viser den totale storleiken på kyrkjemedlemer i kvart kull og kor mange bøker som vart delt ut samla for Naustdal og Veving. I Veving vert utdeling av bøker /materiell gjeve på hausten til barn i alderen 1-9 år.

Tiltak i trusopplæringa	Tal på deltagarar	Storleik på kullet (medlemer)
Baby-song	33 (som har vore innom)	42
Samling for barn Veving 1-9 år	7	12 inviterte
Småbarnssang 3-5 år	23 (innom)	
4-årssamling laurdag	8	37
Utdeling av 4-årsbok i gudsteneste	19	27
6 års samling måndag	12	17
6-årsbok i gudsteneste	14	17
Tårnagent	17	31
9- års klubb	9	31
Dåpsfest	avlyst	
Utdeling av Bibelbok (10 år)	14	35
Bibelknask (10 år)	14	35
1-2-3 dagar	Ikkje arrangert	
Lys vaken 11 år	10	29
Konfirmantar	26	28

Barnehage – og skulebesøk

To barnehagegrupper deltok på julevandring og ei gruppe var med på påskevandring. I adventstida var det tre skulegudstenester og ei i påsketida for ungdomsskulen. Vi opplever å ha gode samlingar og godt samarbeid med skule og barnehagar.

KONFIRMANTAR OG UNGDOM

KONFIRMANTAR:

Konfirmantundervisninga var for første gang lagt til siste helga i slutten av sommarferien, nokre samlingar onsdag etter skulen. I tillegg deltek konfirmantane på

gudstenester og dei er leiarar på trusopplæringstiltak. Fredrik Bråttvik har hovudansvar for konfirmantundervisninga. Rigmor og diakonimedarbeidar i Førde, Johanne Leira, har tidvis hjelpt til.

Som året før ble det arrangert sommaravslutning for konfirmantane frå Naustdal og Jølster for 23/24-kullet på prestegarden på Åhus. Nesten halvparten av kullet blei med.

Fredrik og Silje har også hatt samarbeid om konfirmantopplegget gjennom leir på Alværa og klubbkveldar i Jølster/Naustdal.

«FOLLOWME»/ TILBOD FOR UNGDOMMAR OVER KONFIRMANTALDER:

Etter opprettinga av eit «followme»-lokallag i Naustdal reiste prest Fredrik saman med ein ungdom frå Naustdal til «followme-konferansen» på KVS Lyngdal, kor Naustdal kyrkjelyd betalte kost og losji for den deltagande ungdommen - ein fin oppleving for oss som reiste.

«Followme» har blitt eit samarbeid på tvers av kyrkjelydane i Sunnfjord, og har samlingar på Førde kyrkjetun torsdagar. Førebels ingen faste deltagara frå Naustdal.

KYRKJEMUSIKK.

Naustdal barnekor: Koret har hatt øvingar store deler av året. Medlemstalet var på ca. 22 barn ved utgangen av året i alderen 1.-4. klasse. Barnekoret opptrødde på fastelavnssøndag, palmesøndag, på familiegudsteneste på hausten og på julaftan. Dei hadde minikonsert på kafeen på kyrkjelydshuset siste onsdag i november og deltok på to konserter i desember: Kyrkjelydens sin julekonsert og konsert med Alexandra Rotan på Larris Scene. Det er svært gledeleg å ha barnekor med i familiegudstenester, dei får prege gudstenesta, og ofte er både foreldre/besteforeldre med til kyrkja.

Naustdal kyrkjekor samlar 13 songarar, og har øvingar på onsdagar. Koret har delteke på fleire gudstenester gjennom året noko som er med på å «løfte» gudstenesta og det gjev god støtte også til salmesongen. Koret har også delteke i ulike prosjekt saman med Erlend (Final Fantasy) . Koret syng fast i Naustdal 1.påskedag, Helgemesse og 1.juledag i . I 2024 var det i tillegg ei song og musikk-gudsteneste i mars, der fleire andre aktørar deltok. Saman med andre deltok koret på vårkonsert og kyrkjelyden sin julekonsert, og det vart arrangert ein salmekveld i september. Ei stor oppleving var felleskonsert med alle kora i Førde.

Musikkarar og songarar som har delteke i tillegg til kor: Ragnhild Sannes, Cello, Dörthe Büsching, song, Elevgruppe frå Sunnfjord folkehøgskule deltok også. Cathrin

Hjelle Søvde sopransolist (også i Veving) Mari Therese Martinussen, Euphonium (konfirmasjonar i Naustdal) Naustdal spelemannslag og Emil Horstad(friluftsgudsteneste)

Julaftan: Maria Amoro Aarseth, Agathe Slettehaug, kornett. Camilla Søvig, song, Selma og Sofie Søvig. Dani Meland Birkeland: barnesolistar. 1.juledag: Sven Ole Hoff

Konsertar med andre arrangørar i Naustdal kyrkje:

- 2. desember: Julekonsert med Kvitre.
- 12. desember: to julekonsertar med Julesong, over 400 på kvar konsert.

ARBEID SOM ER FULLFØRT (LIGG UNDER FELLESRÅDET)

Universell tilkomst i Naustdal kyrkje

2023 vart året Riksantikvar, Bispedømmet, Niku og Fylkeskommunen innvilga søknad om ny universell tilkomst til Naustdal kyrkje, og etablering av terrengtrinn mellom sørvestre inngangsportal og kyrkjetrappa. Tiltaket har vore jobba med over fleire år. Våren 2024 kom arbeidet med desse store prosjekta i gang, og vart slutført i desember. Det er ei glede å sjå det fine arbeidet som er gjort, det dannar ein heilskap rundt inngangspartiet. Den gamle trerampa er fjerna, og det er sett opp smijernsrekkeverk ved trappa på nedside. Kyrkja vart også måla, bortsett frå tårnet, som skal takast att i 2025.

Refleksjonar til å ta med i det vidare arbeidet- noko «repetisjon» frå i fjar:

Kva skal vi tenkje om kyrkja framover? Vi opplever at kyrkja er viktig for mange i Naustdal og Veving. Vi har stadig har god oppslutnad om dei store hendingane som dåp og konfirmasjon, medan vigsle har svært låge tal. Dei fleste vel også kyrkjeleg gravferd. I alt dette gler vi oss over mange gode møter med menneske, i glede og i sorg, i fellesskap i kyrkjerom og i andre samanhengar. Det er også viktig å hugse, og glede seg over: vi har mange frivillige som tek på seg ulike oppgåver, vi er MEDarbeidarar saman! Så kan vi ikkje late som om ikkje vi merkar endringar, med tanke på engasjement og oppslutnad om kyrkja sitt arbeid. Det er naudsynt og viktig å sjå på korleis vi brukar ressursane våre, både for tilsette og friviljuge. Lat det gjerne vere noko vi samtaler om på årsmøtet.

Fil 1,6; Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.

GUDSTENESTELIV – ÅRSSTATISTIKK 2024

NAUSTDAL	2024	2023	2022
Døypte busett i Naustdal kyrkjelyd	26	19	30
Gravlagde	19	20	25
Vigde	5	2	5
Tal gudstenester i kyrkjelyden på søndagar/ helgedagar	33	32	31
Samla frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	3104	2992	2750
Gjennomsnittleg frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	94	97	92

VEVRING	2024	2023	2022
Døypte busett i Vevring kyrkjelyd	1	0	5
Gravlagde	5	7	2
Vigde	2	0	0
Tal gudstenester i kyrkjelyden på søndagar/ helgedagar	16	18	18
Samla frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	574	655	684
Gjennomsnittleg frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	36	36	38

REKNESKAPSTAL 2024

TAKKEOFFER TIL ANDRE	2024	2023	2022
Naustdal kyrkje	95 814,- kr.	89 934,56	89 332,36
Vevring kyrkje	22 149,- kr.	22 960,31	25 368,67
Takkeoffer totalt Naustdal sokn	117 963,- kr.	112 894,87	114 701,03
MISJONSAVTALE			
Naustdal kyrkje	13 637,- kr.	10 943,25	11 839,82
Vevring kyrkje	3 092,- kr.	5 171,25	2 835,75
Misjonsavtale totalt Naustdal sokn	16 729,- kr.	16 114,50	14 675,57
I BEGGE KYRKJER			
Til eige arbeid	31 219,- kr.	40 533,94	26 511,92
Kyrkjemusikalsk arbeid	7 993,- kr.	2 339,37	
KN- aksjonen	47 866,- kr.	35 490,-	48 734,-
Gjevarteneste	20 312,- kr.	18 713,70	10 852,35